



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 07.12.2016
Tid: 14.00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 65/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 66/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 67/16	Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016 - 2019. Handsaming i forvaltningsstyre og driftsstyre
OS 33/16	Utviding av skuleveka til 5 dagar for elevane i 1.-4. klasse ved Dalsfjord skule
OS 34/16	Referat frå møte i samarbeidsutvalet Volda ungdomsskule 20.09.16
OS 35/16	Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Dalsfjord skule
OS 36/16	Orientering til driftsstyret. Protokoll Volda ungdomsråd 21.11.2016

PS 65/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 66/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Henrik Skovly	Arkivsak nr.:	2016/1294
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
90/16	Forvaltningsstyret	06.12.2016
	Driftsstyret	07.12.2016

ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016 - 2019.

TIL HANDSAMING I FORVALTNINGSSTYRE OG DRIFTSSTYRE

Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding

Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret skal i møte den 15. desember 2016, gjere vedtak i sak om Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Forvaltningsstyret og driftsstyret vil handsame og evt.kome med innspel til årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomisjef
Henrik Skovly



VOLDA KOMMUNE Dalsfjord skule

Til Opplæring og oppvekstsjef
og Driftstyret i Volda Kommune

Dravlaus 17.11.16

Kopi til: gruppeleiarane i kommunestyret

Utviding av skuleveka til 5 dagar for elevane i 1.-4. klasse ved Dalsfjord skule

Endring av skuleveka vart første gong teke opp i FAU 15.oktober 2015.
Saka blei sist tatt opp på SU-møte tysdag 15. november 2016 og vi gjorde fylgjande vedtak:

SU/SMU ved Dalsfjord skule ynskjer 5 dagar skule for alle elevane frå hausten 2017. For å få til dette må ein utvide SFO tilbodet. SFO tilbodet må aukast frå ei 60 % stilling til ei ca. 82% stilling. Kostnaden her vil ikkje vere så stor i forhold til alle fordelane ein vil få med utviding frå 4 dagar skuleveke til 5 dagar skuleveke. Vi håpar at Volda kommune meiner det er viktig at vi arbeider for ein felles struktur for organisering av skuleveka for alle elevane i kommunen.

I skuleåret 2016-17 fekk vi til 5 dagars veke for 5.-7. trinn, innanfor tildelte rammer.
I dette skuleåret har 1.-3. trinn fri kvar onsdag, medan 4. trinnet har fri annankvar onsdag.
Foreldra har ikkje hatt tilbod om SFO på desse onsdagane.

Det pedagogiske personalet på småskuletrinnet ved skulen har teke opp denne saka ved fleire høve, og ynskjer ei endring. Vi ynskjer ein skulestruktur slik den er for dei aller fleste skulane i Volda kommune.

Elevrådet ynskjer at alle elevane ved Dalsfjord skule går på skule 5 dagar i veka, ikkje 4 dagar som no

Nokre føresette ynskjer at ein held fram med 4 dagar skuleveke, og argumenterer for dette, medan andre ynskjer 5 dagars veke slik dei fleste andre skulane i kommunen har.

Argumentasjon for å endre skuleveka:

- Pedagogisk vurdering
- SFO
- Likestilling - rekruttering/reduerte stillingar
- Bygdeutvikling

Pedagogisk vurdering: Ein skuledag på 6 undervisningstimar kan for enkelte elevar bli opplevd som lang. Det kan vere krevjande for elevane å halde opp konsentrasjonen i ein så lang skuledag. Sidan 2006, då kunnskapsløftet vart innført, har krava til læringsutbytte og kompetansemålsetting auka. Dette gjeld serskild elevane på dei lågaste klassetrinna. Det er og all grunn til å tru at denne utviklinga held fram. Kunnskapsløftet set klare kompetansekrav til elevar på alle trinn. Dette krev auka fagleg fokus. For å kunne gjere dette på ein best mogleg måte kan det vere nyttig å ha undervisninga fordelt på 5 dagar. Det vil gi betre rom for å fordele teoretiske og praktiske fag på ein god måte. Gode rutinar og kontinuitet i opplæringa er viktige rammefaktorar i all opplæring. Dette gjeld også dei yngste elevane. Å ha fri ein dag i

veka gir eit opphald og eit avbrekk i danninga. Dette vil ein kunne handtere på ein betre måte med skule 5 dagar i veka.

For å kunne planlegge, samarbeide og koordinere aktivitetar i skulen er det ein fordel at alle tilsette er til stades kvar dag. Stabilitet og at ting er forutsigbart er ein viktig faktor for læringsmiljøet.

SFO: Slik situasjonen er i dag er det fleire føresette som får utfordringar med barnepass på onsdagane når 1.- 4. trinn har fri, spesielt sidan skulen heller ikkje har tilbod om SFO. Ei endring vil kunne gi foreldra både auka handlefridom og fleksibilitet. Ved endring av tilbodet må sjølvstilt foreldrebetalinga justerast.

Likestilling: Dei siste åra har ein opplevd at fleire av dei tilsette har søkt redusert stilling på grunn av utfordringar til barnepass på onsdagane. Fleire har sagt at dei kunne tenke seg å arbeide kvar dag, men fordi 1.-3. trinn har fri kvar onsdag utan SFO tilbod, har ein ikkje pass til borna heime. Det er viktig at ein stor arbeidsgjevar som Volda kommune legg til rette for eit individuelt reelt val. Eit tilbod om 5 dagar skuleveke vil vere eit slikt val. Ein ser også at det ofte er kvinner som har redusert stilling, ei endring vil vere med på å fremje utjamning mellom kjønna. Det kan og hjelpe på rekruttering av lærarar ved Dalsfjord skule.

Bygdeutvikling: For å fortsette ei positiv utviklinga av bygdene våre, meiner vi at det vil vere særst viktig med eit tilbod om skule og SFO over 5 dagar. I Dalsfjorden held vi akkurat no på med kommunen sin arealplan. Vi ynskjer at dei som vurderer å flyttar til bygdene våre skal oppleve at vi har eit godt barnehage- og skuletilbod som stettar alle sine behov. Det er stor utvikling av arbeidsstadar i bygdene, og då må andre tilbod også stå i samsvar med denne utviklinga.

Den andre skulen i Dalsfjorden, Ulvestad barneskule, har skule 5 dagar i veka, samt tilbod om SFO alle dagar.

Mvh
SU ved Dalsfjord skule
v. leiar Hans Martin Klokk



VOLDA KOMMUNE

Volda ungdomsskule

VOLDA KOMMUNE	
Saknr: 2012/909	Ans: SVK
Leiar: [blank]	St: bentler
10 NOV 2016	
Ans: Emne 2	
Klassering P: 033	
Klassering S: [blank]	

1 kop i:
Perkon

Referat frå møte i samarbeidsutvalet
torsdag 20. september kl. 19.15 på musikkrommet på Volda ungdomsskule

Tilstades: Janicke Westlie Driveklepp, leiar FAU, Steinar Høydal, nestleiar FAU, Jarle Solheim, repr. for lærarane, Sara Tømmerbakk, repr. for lærarane Ole-Ragnar Riise, repr. for andre tilsette
Mina Somby Andersen, leiar elevråd, Paula Holmberg Lewe, nestleiar elevråd Ivar Håkonson, vara elevråd
Inger-Anne Kvamme, rektor, sekretær
Ikkje tilstades: Dag Aarflot, repr. kommunen –melde avbod

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

2. Konstituering

Janicke Westlie Driveklepp var valt til leiar og Paula Holmberg Lewe vart valt til nestleiar. Rektor er sekretær.

3. Samansetjing av Skulemiljøutval, sjå vedlegg *Utdrag frå kap 11 i opplæringslova.*

4. Rektor informerte om desse sakene:

- Verksemdplan/tilstandsrapport –rektor informerte om Vurdering for læring, ei nasjonal satsing Voldaskulen er inne i. Ho viste også til skulen sitt kontinuerleg arbeid for eit godt skulemiljø i tråd med visjonen «VUS der alle er med». Det vart også infomert om forskningsprosjektet RespMath der matematikklærarane på 9.årssteg får auka vurderingskompetanse i faget.
- Skulebygg –viktig at både FAU og SU etterspør planar om renovering/ombygging av Volda ungdomsskule. Det er denne skulen som no står for tur, og elevane treng eit betre fysisk arbeidsmiljø i tråd med krava i opplæringslova.

5. Prioritering av saker for skuleåret 2016-17: Etterspørje renovering/ombygging av Volda ungdomsskule

Volda, 1.11.16

Inger-Anne Kvamme
sekretær



VOLDA KOMMUNE
Dalsfjordskule

Dato
22.11.16

REFERAT

MØTE: Su/skulemiljøutval

Møtedato: 15.11.16	Møtetid: 17.30-19.00	Stad: Møterom, Dalsfjord skule
Møteleiar: Hans Martin Klokk		Referent: Else Lill Riise
Til stades: Hans Martin Klokk, Nils Roar Brandal, Rune Brudevoll, Kjell Petter Wiik og Else Lill Riise. Marius Høydal og Elise Breivik som er elevrepresentanter ved skulen var ikkje kalla inn til dette møtet.		Fråvær: Guro Grønbech

SAKLISTE

Sak 01.16 – Konstituering av Su/Smu. Leiar -Hans Martin Klokk, nestleiar Guro Grønbech. vara: Silje Sjøstad gjeld for skuleåret 2016-17.

Sak 02.16 – Endring av skuleveke for Dalsfjord skule frå 4 dagars veke, til 5 dagars veke for alle elevane 1.-10. trinn. Rektor la fram saka, og eit samstemt Su/smu ynskjer at vi sender eit brev til Opplæring og Oppvekstsjef i kommunen, driftsstyret og partileiarane i kommunestyret.

Sak 03.16 – Ymse. Det vart etterlyst ei oppgradering av uteområdet etter at ei klatrenot vart teken ned i skuleskogen etter tilsyn frå kommunen. Rektor har bestilt ny not, og vaktmeister vil henge denne opp på forsvarleg vis når den kjem.

Vi vart einige om eit nytt møte på nyåret, der vil saka om 5 dagar skule for alle elevane ved Dalsfjord skule få stor plass. I tillegg ynskjer rektor å legge fram resultat frå nasjonale prøver og budsjettframlegg frå kommunen.

Ref. Else



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Austefjord, Rådhuset
Dato: 21.11.2016
Tid: 15:30 til 16:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Veronica Wilhelmsen	Medlem	Volda ungd.
Hanna Nautvik Nettet	Medlem	Folkestad ungd.
Mathias Jansen Rindal	Medlem	Volda vgs.
Eirik Eiksund	Leiar	Volda vgs.
Ingvild Sunde Stokke	Medlem	Lag og org.
Sigurd Tverberg	Medlem	Lag og org.

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ilja Elisabeth Bech	Medlem	Volda ungd.
Peter Bjørneset	Nestleiar	Ungdomsklubben
Ashild Vik	Politisk fadder	

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elias Eide Brattli	Felles vara	
Mia Malika Skaare Gjerseth	Felles vara	
Felicia Lerkerød Flo	Felles vara	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator

SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Arkivkode
	SAKER TIL HANDSAMING	
PS	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	
PS	Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda	D11



SAKER TIL HANDSAMING

PS 37/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 21.11.2016

Samrøystes godkjend

PS 38/16 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 21.11.2016

Samrøystes godkjend

PS 39/16 Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda

Handsaming:

For å kunne handsame planane for Volda Campus Arena AS vedtok ungdomsrådet eit ekstra møte utanom oppsett møteplan. Saka skapte ein god del diskusjon og ungdomsrådet vil framheve at kvar enkelt målgruppe sine behov bør ivaretakast. Spesielt nemner dei behovet for opplæringsbassen for grunnskulen og behovet for fleire speleflater for idretten. Ungdomsrådet ser fram til å fylje prosjektet vidare.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 21.11.2016

Ungdomsrådet stiller seg svært positive til planane om Volda Campus Arena AS. Idrettshalltilbodet i Volda dekkjer ikkje etterspurnaden til barne- og ungdomsidretten. Ny hall vil bety mykje for idrettsglad ungdom i bygda. Ungdomsrådet vil påpeike viktigheita av at behovet til kvar enkel målgruppe blir ivareteke. Til dømes behovet for opplæringsbasseng for grunnskulen og fleire speleflater for idretten. Ungdomsrådet ser fram til å sjå vidare planar for prosjektet og deltek gjerne i denne prosessen.

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert avslutta.



VOLDA KOMMUNE

- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 30 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.**
- 3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøving elevane i grunnskulen.**
- 4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv.**
- 5. Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplussen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.**
- 6. Volda kommune tiltrer ikkje opsjon i kontrakten med NEE om rehabilitering av Voldahallen i EPC-programmet. Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.**

Møte slutt 16:15
Volda kommune, Kultur- og service
22.11.16

May-Lisbet Lande
Koordinator